



Barne- og Familiedepartementet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/3004 - 23/21987

Saksbehandlar:

Lars Fjeldstad

lars.fjeldstad@osteroy.kommune.no

Dato:

03.10.2023

Brev til politisk leiing i Barne- og familiedepartementet

Hei!

Eg ber om at dette brevet vert bekrefta motteke og vidaresendt politisk leiing i departementet.

Eg som mange andre kan i desse dagar sjå den flotte videoen Barne- og Familiedepartementet har lagt ut på SoMe om korleis ein no når høstferien står for døra kan nytta seg av dei mange utstyrssentralane rundt om i landet for å låna utstyr til ymse aktivitetar. Dette takka vera den auka satsinga på dette området frå departementet. Eg vil gje dykk skryt for den satsinga, spesielt i den tida me lever i med auka prisar og stor flyktingestraum vil eg påstå at dette er eit særers verknadsfult tiltak for å utjamne forskjellar og gje born og unge moglegheita til å delta på aktiviterer uavhengig av lommeboka til foreldra.

Men, på Osterøy fins det ikkje eit slikt tilbod. Me har over tid hatt ein sterkt ynskje å opprette ein utstyrssentral. Me har både lokalet og folka klare i samband med våre nye frivilligsentral. Men søknaden vår til BUFDIR fekk avslag. Sjølv om folk frå departementet og frå BUFDIR har gjentatt i fleire møter alle søknader om utstyrssentral skulle prioriterast.

Grunnen til at me har fått avslag er at me allereie har eit par aktive stønader gåande innafor paraplyen «Tilskudd til inkludering for barn og unge».

Eg vil med dette peike på eit stort paradoks innafor den forvaltningspraksisen at kommunar som får støtte under ein ordning, vert ekskludert frå andre ordningar:

Osterøy er ein særers skattesvak kommune. Det fører med seg to ting:

1. Kommunen har mindre pengar å rutta med enn andre og har difor mindre moglegheiter til å på eigen kjøp finansiere gode ikkje lovpålagte tiltak for born og unge.

2. Den låge skatteinngongen kjem av at innbyggjarane på Osterøy betalar mindre skatt på grunn av at dei har lågare inntekt. Det vil seie at behovet for inkluderande tiltak for born og unge kanskje er større her enn andre stader, fordi innbyggjarane jamt over har dårlegare råd.

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

Tilskota me har fått gjennom ordninga har hjelpt oss å få på plass etterpurte tilbod som t.d. ungdomsklubb og me ser og at når kommunen byggjer opp eit tilbod på område, fylgjer gjerne dei frivillige etter og er med å styrkar tilbodet. Difor får ein mykje att per krone her.

Me har no inne søknad på nytt om støtta til utstyrssentral. Me kjem og til å søke på andre ordningar for inkludering av born og unge. Eg vil med dette be politisk leiing i departementet syte for at Osterøy og andre kommunar lik oss ikkje vert ekskludert på grunn av trong økonomi kombinert med eit stort ynskje om å gjera mest mogleg gode ting for inkludering av born og unge.

Om noko er uklårt eller ein ynskjer eit møte med underteikna om temaet, er det berre til å ta kontakt.

Med helsing

Lars Fjeldstad
ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakar:

Barne- og Familiedepartementet